

Prosjektplan

Framlegg



Vassområde Ytre Sogn



1. Bakgrunn

Føreskrift om rammer for vassforvaltning (vassføreskrifta) trådte i kraft 1.1.2007, som ei oppfølging av *EUs rammedirektiv for vann* (vassdirektivet). Vassføreskrifta sitt hovudmål er å sikre vern og berekraftig bruk av vassmiljø, både vassdrag, grunnvatn og kystvatn. Dette inneberer at alle vassførekomstar skal ha minimum god økologisk og kjemisk tilstand. For sterkt modifiserte vassførekomstar kan tilstanden ha godt potensiale, noko som opnar for redusert krav til økologisk tilstand. Meir utfyllande seier vassføreskrifta følgjande:

- Vatnet skal forvaltast som en heilskap frå fjell til fjord, dvs. at det er dei naturgitte grensene for nedbørfelta og tilhøyrande kystområde som skal danne forvaltningsgrensene.
- Overflatevatn, grunnvatn og kystvatn skal sjåast i samanheng.
- Forvaltning av vassmengder, vasskvalitet og økologi i vatn skal sjåast under eit.
- Dette føreset samordning mellom dei ulike sektorar som bruker og påverkar vatn, og deira respektive myndigheiter.

Vassregion Sogn og Fjordane er ein av 11 vassregionar i Noreg. I Sogn og Fjordane er Sogn og Fjordane Fylkeskommune vassregionmyndigheit. Vassregionutvalet gjorde 18. januar 2011 vedtak om å dele Sogn og Fjordane inn i vassområda Nordfjord, Sunnfjord, Ytre Sogn og Indre Sogn. Vassregionutvalet initierte prosessen med å få etablert vassområda med representantar frå involverte kommunar.

Vassområde Ytre Sogn omfattar areal i kommunane Balestrand, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Solund og Vik. I Vassområdet skal kommunar og interessentar samarbeide for å bidra til å vurdere miljøtilstand, påverknadar, risiko, samt utarbeide forslag til miljømål og tiltaksanalyse. Høyanger kommune er vald som vertskommune.

2. Mål, føresetnader og rammer


Alle vassførekomstar i Noreg skal gjennomføre prosessen beskrive i Vassføreskrifta. Dette betyr at arbeidsoppgåver i Vassområde Ytre Sogn må gjennomførast slik vassføreskrifta med tilhøyrande rettleiarar legg opp til, både med omsyn til prosess og tidsfristar.

For å oppnå hovudmålsettinga om god miljøtilstand i alt vatn, skal det utarbeidast ein sektorovergripande regional forvaltningsplan med eit tilhøyrande tiltaksprogram innan utgongen av 2015. I påfølgjande periode 2016 – 2021 skal forvaltningsplan med tiltaksprogram gjennomførast. Tiltak for å nå miljømåla skal vere gjennomført innan 2021.

Målsetningar i perioden 2010 – 2015:

- Dele opp og karakterisere alle vassførekomstane i vassområdet.
- Fastsetje miljømål som sikrar at minimum standard miljømål om god økologisk tilstand, godt økologisk potensiale, samt god kjemisk tilstand, vert nådd i alle vassførekomstar.
- Føreslå og greie ut nødvendige tiltake (tiltaksanalyse) for å oppretthalde eller forbetre vasskvaliteten slik at miljømåla vert nådd innan fristen som er 2021.
- Gjennomføre prosjektet etter den intensjon og dei prosessar og arbeidsmetodar som vassføreskrifta med tilhøyrande rettleiarar beskriv.

3. Organisering og arbeidsoppgåver



Vassområdeutval (Styringsgruppe)

Vassområdeutvalet fungerer som styringsgruppe og er samansett av ein administrativ og ein politisk representant frå alle kommunane i vassområdet. Statlege sektormyndigheiter, samt Sogn og Fjordane Fylkeskommune blir invitert til å delta på møter i Vassområdeutvalet.

Vassområde er ansvarleg for:

- at nødvendig arbeid blir satt i gang og gjennomført jf. Vassføreskrifta;
- å vedta budsjett og fordele kostnadane blant dei aktuelle kommunane;
- å vedta saker som angår Vassområde Ytre Sogn og rapportere til Vassregionmyndigheita (Sogn og Fjordane Fylkeskommune);
- å forankre eventuelle vedtak i den enkelte kommune;
- å sikre medverknad.

Prosjektgruppe/Prosjektleder

Prosjektleder er ansvarleg for:

- å leie og koordinere arbeidet i vassområdet;
- å vere bindeledd mellom kommunane, sektorstyresmaktar og interesseorganisasjonar;
- å utarbeide bakgrunnsinformasjon til forvaltningsplanen;
- å vurdere og utarbeide framlegg til tiltak, samt fremje framlegg til vedtak i vassområdeutvalet;
- å bidra med fagleg kompetanse;
- å utarbeide årlege statusrapportar, samt framdriftsplan.

Referansegrupper

Referansegrupper består av ulike interesseorganisasjonar og andre aktuelle aktørar, partar og interessentar i vassområde, og er oppretta for å sikre informasjonsflyt og medverknad i prosessane. Referansegruppa har til oppgåve å gi innspel til prosjektarbeidet.

Faggrupper

Det er aktuelt å opprette faggrupper for aktuelle tema i vassområde. Mandatet til desse faggruppene vil vere å få fram grunnlagsdata, samt føreslå aktuelle tiltak for å nå miljømåla. Faggruppene kan opprettast og fungere etter behov.

4. Framdriftsplan

Framdriftsplanen blir lagt opp etter rammer gitt av Vassregionmyndigheita. I tabellen nedafor ligg framdriftsplanen for Vassregion Sogn og Fjordane i inneværande prosjektperiode 2010 – 2015.

Fremdriftsplan	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Etablering av Vassregion						
Drift av Vassregion						
Etablering av Vassområde						
Drift av Vassområde						
Planprogram		*				
Vesentlege utfordringar						
Forvaltningsplan med tiltaksprogram					*	*
Karakterisering						
Klassifisering						
Regionalt overvakingsprogram						
Gjennomføre overvaking						
Økonomisk analyse						
Registrere beskytta område						
Utarbeide lokale tiltaksanalysar						
Utarbeide miljømål						

* Høyringsfristar

Milepelar

Vassområde Ytre Sogn må forholde seg til følgjande milepelar

Oppgåver fase 1	Tidsfrist
Oppstartsmøte og konstituering av Vassområde Ytre Sogn	Vår 2011
Vedteken prosjektplan	Sommar 2011
Tilsette prosjektleiar	01.01.2012
Karakterisering og klassifiseringsarbeid	Kontinuerleg
Overvakingsprogram	Kontinuerleg
Utarbeide lokale tiltaksanalysar	31.12.2013
Utarbeide miljømål	31.12.2013
Oppgåver fase 2	2016 - 2021
Iverksetjing av tiltak	2016
Miljømål oppnådd	31.12.2021

5. Kostnader og finansiering

5.1 Kostnader

Kostnader vil i perioden 2011 – 2015 i hovudsak knytte seg til prosjektleiar, utgifter til analysar og utgreiingar, møter, reiser og kurs. Kommunane i vassområde må pårekne eigeninnsats m.o.t. kunnskapsinnhenting, kartlegging, deltaking på møte, samt gjennomføring av tiltak.

Kostnader	2011	2012	2013	2014	2015	Sum 2011 - 2015
Prosjektleiar inkl. sos. Utgiver (50% stilling)	88 000	343 000	358 000	373 000	389 000	1 551 000
Prosjektgruppe/sekretariat	80 000	60 000	60 000	60 000	60 000	320 000
Møter, reiser, kurst (for prosjektleiar)	40 000	60 000	60 000	60 000	60 000	280 000
Karakterisering, tiltaksanalyse, overvaking	100 000	175 000	175 000	175 000	175 000	800 000
SUM	308 000	638 000	653 000	668 000	684 000	2 951 000

5.2 Finansiering

Utgifter til finansiering av prosjektleiar og drift av vassområde fordelast etter ein nøkkel på 50 % fordelt på dei aktuelle kommunane, 25 % frå fylkesmannen (må søkjast årleg) og 25 % frå fylkeskommunen (må søkjast årleg). Fordeling mellom kommunane skjer etter folketal frå Statistisk Sentralbyrå pr. 01.01.2011. Det er teke utgangspunkt i årsløn for prosjektleiar (inkludert sosiale utgifter) på 700.000,- med ei lønnsvekst på 4% per år.

Deltakar/År	2011	2012	2013	2014	2015	Sum	Årleg gjennomsnitt
Balestrand	16	33	34	34	35	152	30
Gulen	27	56	58	59	60	260	52
Hyllestad	18	36	37	38	39	168	34
Høyanger	51	105	107	110	112	485	97
Solund	10	21	22	22	23	98	20
Vik	33	68	69	71	72	312	62
Fylkesmannen	77	160	163	167	171	738	148
Fylkeskommunen	77	160	163	167	171	738	148
Sum	308	638	653	668	684	2951	590,2

Dersom ein får til anna finansiering skal dette redusere forventningar om bidrag frå kommunane.

6. Risikoanalyse

1. **Finansiering** er vesentleg for gjennomføring av prosjektet og for tilsetting av prosjektleiar. Prosjektleiar vil tilføre prosjektet nødvendige administrative og faglege ressursar. Om ikkje finansiering kjem på plass vil prosjektet mes truleg miste vesentleg framdrift og kvalitet på gjennomføring. **Risikovurdering: Stor.**
2. **Forankring:** Arbeidet med vassføreskrifta og prosjektarbeidet i vassområde mmå forankrast hjå prosjekteigarane/dei aktuelle kommunane. Om ein ikkje lykkast med dette vil det ikkje bli satt av nødvendig tid og ressursar hjå den enkelte til gjennomføring. **Risikovurdering: Middels.**
3. **Kompetanse:** Prosjekteigarane sitter i liten grad på tilgjengleg kompetanse til gjennomføring av prosjektet. Lykkas tein med å tilsetje prosjektleiar vil ei slik problemstilling vere mindre relevant. **Risikovurdering: Liten**
4. **Ansvarsfordeling** mellom ulike aktørar (kommunar, sektormyndigheter og vassregionmyndigheit) må tydeliggjerast for å oppnå einigheit om ansvarsfordeling. **Risikovurdering: Liten.**

